



Ard arealplan
Domkirkegaten 3
5017 BERGEN



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201307466-5/714/ANNVABO

Dykkar ref.:
Ard 12050

Bergen, 01. november 2013

Fråsegn til oppstartmelding for reguleringsplan for Kjevikdalen fyllplass, gnr. 177, bnr. 36 m.fl. og gnr. 176, bnr. 25 m.fl. - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 16. september 2013 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Kjevikdalen fyllplass. Hovudføremålet med reguleringa er arealutviding, å justere arealføremål i gamal plan, samt å etabler areal for reinsetiltak for utsleppsløyvet. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til andre typar bygningar og anlegg, ein mindre del er sett av til LNFR-område.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

I det vidare arbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Akvakultur
- Areal- og transport
- Friluftsliv
- Landskap
- Kulturminne
- Samferdsel

Meir om landskap og friluftsliv

Planavgrensinga viser at ein mindre del av Seimsfjorden, som er registrert som viktig regionalt friluftsområde, inngår. Vi ber om at friluftsinnteresser vert ivaretaka.

Meir om kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne innafor planområdet. Potensialet for funn av ukjende automatisk freda kulturminne på land vert vurdert som lite. I høve kulturminne på land har vi difor ingen vesentlig merknad.

Bergen Sjøfartsmuseum har vurdert sjøareala i planen og gjeve eit fråsegn. Dei er ikkje kjend med marine kulturminne som vert direkte råka av tiltaket, men planen ligg i eit prioritert område for marine kulturminne. Museet vurderer difor at potensialet for funn av automatisk freda kulturminne på sjøbotnen er tilstade. Jf. kulturminnelova sine §§ 9 og 14 varslar dei difor at det vert naudsynt med ein marinærkeologisk registrering. Dei ber tiltakshavar ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum i høve gjennomføring og utarbeiding av kostnadsoverslag for undersøkinga.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på akvakultur, areal- og transport, friluftsliv, landskap, kulturminne og samferdsel.



Marit Rødseth
plansjef



Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Sakshandsamar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen
Øystein Skår, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi til:

Lindås Kommune
Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Fiskeridirektoratet, Region Vest
Kystverket Vest
Statens Vegvesen, Region Vest
Bergen sjøfartsmuseum

Fra: Wilkerson, Brooke <fmhobrw@fylkesmannen.no>
Sendt: 24. september 2013 12:22
Til: Ard arealplan as
Emne: Uttale - Oppstart - Lindås - Gnr 176 Bnr 25 mfl - Gnr 177 Bnr 36 mfl - Kjevikdalen fyllplass - Detaljregulering

Uttale til oppstart av reguleringsplan – gnr 176 bnr 25 m. fl. og gnr 177 bnr 36 m. fl. – Kjevikdalen fyllplass - Lindås

Viser til dykkar brev av 16.09.13 med melding om oppstart av planarbeid for gnr 176 bnr 25 m. fl. og gnr 177 bnr 36 m. fl.

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan og at det ikkje er i strid med nasjonale føringar for arealpolitikken.

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7- 12.

Fylkesmannen vil elles gjere merksam på at ROS-analysen må nytte akseptkriteria som er i tråd med byggt teknisk forskrift (TEK 10). Analysen må vidare, som presisert i plan- og bygningslova, sjå på risiko både innanfor og utanfor planområde som kan påverke tiltaket, og eventuell endra risiko som følgje av tiltaket.

Vi ynskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing

Brooke Wilkerson
Rådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal og samfunnsplanavdelinga
Telefon: 55 57 23 23
E-post: fmhobrw@fylkesmannen.no
www.fylkesmannen.no/hordaland



Statens vegvesen

Ard Arealplan AS
Domkirkegaten 3
5017 BERGEN



Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2010/004799-006

Dykkar referanse:
Ard 12050

Vår dato:
19.09.2013

Reguleringsplan for Kjevikdalen Næringsområde - gnr. 177 bnr. 36 m. fl og gnr. 176 bnr. 25 m. fl. - Kjevikdalen fyllplass

Vi viser til Dykkar brev av 16.09.13 med varsel om igangsetting av reguleringsplanarbeid for Kjevikdalen fyllplass, gnr. 177, bnr. 36 m. fl. og gnr. 1576, bnr. 25 m. fl. i Lindås kommune.

Planområdet er på totalt 202,3 daa og grensar til fylkesveg 57 og naturområde. Området er i dag regulert til spesialområde som fyllplass og rommar NGIR sitt avfallsanlegg. Føremålet med ny reguleringsplan er å justere arealføremål i gamal plan, få ei arealutviding av området, samt å etablere areal for reinsetiltak for utsleppsløyvet.

Statens vegvesen føreset at ny reguleringsplan ikkje fører til endringar av tilkomsten frå fylkesveg 57 til planområdet.

Dersom endringa og utvidinga av den regulerte for NGIR sitt avfallanlegg fører til vesentleg auke i biltrafikken til området må det gjennomførast ei trafikkvurdering for å vurdere trafikkavviklingskapasiteten i krysset.

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til varselet om igangsetjing av nytt reguleringsplanarbeid.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik
Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Ard arealplan as
Domkirkegaten 3
5017 BERGEN

Deres ref.: Ard12050
Vår ref.: 11361513

Dato: 21.10.2013

Svar varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid gnr 177, bnr 36 m.fl og Gnr 176, Bnr 25 m.fl. i Lindås Kommune

BKK Nett viser til ovennevnte varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Kjevikdalen fyllplass datert 16.09.2013.

Vi vil gjøre spesielt oppmerksom på at planområdet krysses av 132 kV kraftledning Seim-Mongstad.

Nevnte 132 kV kraftledning er bygget etter særskilt anleggskonsesjon gitt av Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE), jfr. energiloven § 3-1 første ledd. Kraftledninger og kabelanlegg bygget etter anleggskonsesjon er i hovedsak unntatt fra Plan- og bygningsloven, og for disse kan det derfor ikke vedtas planbestemmelser eller vilkår som del av reguleringsplan for andre tema. Utgangspunktet er derfor at kraftledninger i en reguleringsplan ikke skal inntegnes som et planformål, men bør innarbeides som hensynssone, jfr. Plan- og bygningsloven § 12-6. Byggeforsbudsbeltet langs den aktuelle kraftledningen er 30 meter, 15 meter målt horisontalt til hver side fra senter av ledningen.

Innenfor det omhandlede planområdet er det også 22 kV høyspenningsslinje og en nettstasjon, dvs. en transformator i distribusjonsnett for elektrisk energi. Ledningene har et byggeforsbudsbelte på 16 meter, 8 meter målt horisontalt ut til hver side fra senter av ledningen. Vi ber om at traseen med byggeforsbudsbeltet må registreres i planen som arealformål trasé for nærmere angitt teknisk infrastruktur, jfr. Plan- og bygningsloven § 12-5 nr 2. Vi viser til vedlagt kart.

22 kV høyspenningssanleggene inngår i distribusjonsnett for elektrisk energi, og er nødvendige komponenter i den lokale strømforsyningen. 22 kV anlegg er bygget i medhold av områdekonsesjon (jfr. energiloven § 3-2). Omlegging av 22 kV anlegg fordrer ikke søknad om endring av konsesjon, men en del hensyn må likevel ivaretas.

Dersom reguleringsplanen skal forutsette omlegging av 22 kV høyspenningssanlegg, må det settes av plass til nye traseer for ledninger og/eller kabler og areal til nettstasjoner. Vi gjør videre oppmerksom på at det som hovedregel er den som ønsker å få et høyspenningssanlegg omlagt eller flyttet, som selv må bære kostnadene med dette. BKK Nett vil kreve full kostnadsdekning.


Vi gjør oppmerksom på at spenningsnivået for ledningsanleggene ikke må påføres i planen, herunder plankartet. Kraftledninger skal på kart ha en enhetlig utforming, uavhengig av spenningsnivå og eventuelle fysiske forskjeller og parallelle ledninger som går i samme trasé, skal tegnes som én ledning. Høyspenningsskabler under bakken tegnes ikke inn på kartet. Vi viser i denne sammenheng til Forskrift om beredskap i kraftforsyningen § 6-2, og NVEs Veiledning til forskrift om beredskap i kraftforsyningen, pkt 6.2.5.

Dersom plankonsulent eller utbygger vil drøfte behov for forsterkning av strømforsyning til eksisterende/ nye anlegg eller ønsker flere opplysninger om privatrettslige forhold som anleggsbidragsregler for etablering av strømforsyning eller kostnader ved flytting/ oppgradering av eksisterende


distribusjonsanlegg, kan det tas kontakt med BKK Nett ved områdeansvarlig Jon Egil Einestrand på telefon 91 66 12 82 eller e-post jee@bkk.no

Det er viktig at eventuelle behov for forsterkninger, endringer eller omlegginger av elektriske installasjoner blir tilkjennegitt på et tidlig tidspunkt.

Vennlig hilsen
BKK NETT AS


Per Ivar Tautra
Spesialrådgiver


Jon Egil Einestrand
Områdeansvarlig



Innspill til varsel om reguleringsplanarbeid

Kjevikdalen Lindås kommune
Dato: 22.10.2013



Målestokk 1:4000

Fra: Tord Kristian Karlsen <Tord.Karlsen@bsj.uib.no>
Sendt: 10. oktober 2013 14:53
Til: Ard arealplan as
Kopi: oystein.skar@hfk.no
Emne: Vedr. Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid. Kjevikdalen fyllplass. Utviding gnr 177/36 mfl.

Dykkar ref: Ard 12050

Vedr. Varsel om oppstart av reguleringsarbeid, Kjevikdalen fyllplass, Lindås kommune.

Forholdet til marine kulturminne – varsel om førestående krav om marinarkeologiske registreringar.

Me viser til brev datert 16/9-2013.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Brevet gjeld oppstart av reguleringsarbeid. Museet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av reguleringa. Reguleringsområdet ligger derimot i et prioritert område for marine kulturminne med fleire positive indikatorar i området. Potensialet for verna eller automatisk freda kulturminne på sjøbotnen vurderer me derfor for å være til stede.

Bergens Sjøfartsmuseum kjem til å krevje som vedkommande myndigheit etter føresegnene ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, undersøkingar av om det kan være skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i reguleringsområdet når planen kjem på offentleg ettersyn. Etter Kulturminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.


Me ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum vedrørande gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som me må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast.

Venleg helsing
for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Tord K. Karlsen
Saksbehandlar marinarkeologi
Direkte telefon: 55549604.
E-postadresse: marinarkeologi@bsj.uib.no
www.facebook.com/sjofartsmuseum

Vår dato: 3. oktober 2013
Emnekode.: HAV-5120
Vår ref.: 201329394-2
Saksbeh.: Anne-Therese Korsmoe
Telefon: 55 56 89 52
E-post: Anne-Therese.Korsmoe@bergen.kommune.no
Deres ref.:

Ard Arealplan
Domkirkegaten 3
5017 BERGEN



Planuttale-vedrørende varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid Kjevikdalen fyllplass, gnr-bnr 177-36 og 176-25 mfl. Lindås kommune

Vi viser til Deres brev av 17.09.2013 vedrørende ovennevnte.

Bergen og Omland havnevesen (BOH) har fått delegert myndigheten som tilligger kommunen etter Lov om havner og farvann (hfl.) av 17. april 2009 nr. 19, jf. § 10 fra Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Lindås, Meland, Os, Radøy, Sund og Øygarden kommune.

Hfl. har som formål å legge til rette for god fremkommelighet, trygg ferdsel og forsvarlig bruk og forvaltning av farvannet i samsvar med allmenne hensyn og hensynet til fiskeriene og andre næringer.

Vurdering av planforslaget

Plankartet viser ikke konkrete tiltak, vi ber derfor om å få tilsendt tegninger når disse er ferdig utarbeidet. På dette stadiet i planarbeidet kan vi ikke se at planene vil komme i konflikt med de interesser som vi er satt til å ivareta.

Vi minner om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i sjøområdet krever tillatelse fra BOH, jf. hfl. § 27, første ledd. En orientering om denne søknadsplikten bør etter vår vurdering inntas i reguleringsbestemmelsene. Det er ikke tilstrekkelig at tiltaket er vist i planen. Søknad må sendes hertil i god tid før tiltak iverksettes.

Med hilsen
BERGEN OG OMLAND HAVNEVESEN

Anne-Therese Korsmoe
Juridisk rådgiver

